



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Sogndal
Dato: 04.04.2024
Tidspunkt: 13:00

Velkomen til det andre møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2024.

Møtet finn stad i Sogndal torsdag 4.april kl 13:00 på Quality Hotel Sogndal, i etterkant av oppstartssamlinga for nasjonalpark- og verneområdestyra i Vestland.

Hovudsak på dette møtet vert prioritering av tiltaksmidlar for 2024. Under denne saka vil det orientert nærare om dei ulike tiltaka og prioriteringane som vert føreslått.

Vi satsar på å vere ferdige til kl 15.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Tor Arne på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 8/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/24	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 10/24	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar 2024		2023/17334
ST 11/24	Delegerte saker		
DS 1/24	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter - Nystølen - Anna Bergseth		2023/17348
ST 12/24	Orienterings- drøftings- og referatsaker		

Orienteringssaker

1. Skjøtselsplan Tungestølen og Nystølen
2. Forlenga autorisasjon Norsk Bremuseum
3. Forlenga autorisasjon Breheimsenteret
4. Orientering frå SNO
5. Mediesaker sidan sist

ST 8/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 9/24 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2023/17334-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 22.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	10/24	04.04.2024

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidler 2024

Innstilling frå forvaltar

1	Slått i Sunndalen	50000
2	Rydding av kulturlandskap i Sunndalen	20000
3	Stiltak i Sunndalen	20000
4	Slått i Erdalen	50000
5	Rydding av kulturlandskap i Erdalen	30000
6	Vedlikehald av risgjerdet ved Reset i Erdalen	20000
7	Stiltak i Erdalen	15000
8	Rydding av kulturlandskap i Bødalen	20000
9	Rydding av kulturlandskap i Austerdalen/Langedalen	20000
10	Stiltak til Haugabreen	20000
11	Restaurering av sti ved Lundeskaret	0
12	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	450000
13	Skiltoppsetting i Jostedalen	100000
14	Innfallsport Stardalen	150000
15	Oppsetjing av informasjonstavler ved innfallsportar	30000
16	Utforming av innhald til informasjonstavler	50000
17	Innfallsport Supphellebreen	15000
18	Helikoptertransport av klopper	40000
19	Uthenting av bru og søppel ved Tverrdalskyrkja	0
20	Vedlikehald av viktige stiar og bruer	0
21	Ferdselsteljing ved utvalde stiar	1
	Sum	1 100 001



Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet handsame om det skulle dukke opp nye moment som endrar føresetnadane for dei einskilde prosjekta. Sekretariatet skal søkje om meir midlar til prosjektet ved Bøyabreen i supplerande tildelingsrundar. Sekretariatet bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom det ikkje er kapasitet til å følgje opp prosjekta. Styret skal fortløpande orienterast om prosjekta i løpet av året.

Dokument i saka

- Styresak 42/23 – 29.11.2023 - Bestillingsdialog og tiltaksplan 2024
- Brev frå Miljødirektoratet av 13.11.2023 - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2024
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 (2021)
-

Saksopplysningar

I styresak 42/23 Bestillingsdialog og tiltaksplan 2024 gjorde nasjonalparkstyret følgjande samrøystes vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret vedtek Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2024 slik den ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt frå styret til å leggje til mindre tiltak og justere summer fram mot søknadsfrist i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, då dette skal gje grunnlag for bruk av nasjonalparken som ein ressurs for lokalsamfunna. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må difor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt vedlikehald av stiar, restaurering og tilrettelegging i område som toler meir bruk.

Skjøtsel av kulturlandskap skal i 2024 prioriterast i alle område med utarbeidd skjøtelsesplan. Skjøtsel skal utførast i nært samarbeid med grunneigarar/brukarar og SNO.

Sekretariatet la tidleg i januar inn søknad om tiltaksmidlar for totalt 21 prosjekt med ein samla søknadssum på kr 1 525 001 i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS), sjå tabell 1.

I e-post frå Miljødirektoratet datert 13.02.2024 fekk sekretariatet melding om at årets tildeling av tiltaksmidlar (post 1420.31) var lagt inn i elektronisk søknadsregister ESS. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret er tildelt ein samla pott på kr 1 100 000,- i 2024 over post 1420.31 – midlar til tiltak i verneområde. Det er kr 425 001,- mindre enn omsøkt, noko som betyr at det må kuttast i fleire av prosjekta og prioriterast hardt mellom dei ulike prosjekta.



Tabell 1 Oversikt over innsendt søknad om tiltaksmidler 2024 – Post 1420.31

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn på tiltaket	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Slått i Sunndalen	Slått	Engslått	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
2	Rydding av kulturlandskap i Sunndalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
3	Stiltak i Sunndalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
4	Slått i Erdalen	Slått	Engslått	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
5	Rydding av kulturlandskap i Erdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
6	Vedlikehold av risgjerdet ved Reset i Erdalen	Restaurering	Skjøtsel i tilknytning kulturminner	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
7	Stiltak i Erdalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
8	Rydding av kulturlandskap i Bødalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
9	Rydding av kulturlandskap i Austerdalen/Langedalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
10	Stiltak til Haugabreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
11	Restaurering av sti ved Lundeskaret	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
12	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	450 000
13	Skiltoppsetting i Jostedalen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
14	Innfallsport Stardalen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	150 000
15	Oppsetting av informasjonstavler ved innfallsport	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	200 000
16	Utforming av innhold til informasjonstavler	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
17	Innfallsport Supphellebreen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	150 000
18	Helikoptertransport av klopper	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
19	Uthenting av bru og søppel ved Tverrdalskyrkja	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
20	Vedlikehold av viktige stiar og bruer	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
21	Ferdsestellar	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Lokalt SNO	1
						1 525 001

I 2023 søkte nasjonalparkstyret om kr 2 590 001,- og fekk tildelt kr 2 200 000,-. Vi har såleis fått redusert tildelinga med 50% samanlikna med 2023. I 2022 var tildelinga kr 2 000 000,- og i 2021 var tildelinga kr 1000 000,-.



Alle dei 21 omsøkte tiltaka er vurdert av miljødirektoratet til å vere innanfor postføremålet i post 1420.31.

Sidan tildelinga vart kr 425 000,- mindre enn omsøkt må nokre av tiltaka kuttast ut eller reduserast noko. Det kan og vere mogeleg å be om ekstra løyvingar til einskilde tiltak, men det er ingen garanti for at ekstramidlar vert prioritert til Jostedalsbreen nasjonalpark. Sekretariatet har difor gått igjennom dei 21 tiltaka som var søkt om midlar til. Etter at søknad om tiltaksmidlar vart handsama i nasjonalparkstyret 29.11.2023 har det kome til nokre nye moment som må takast med i vurderingane og dei endelege prioriteringane for 2024.

Ved tildelinga av drifts- og planmidlar for 2024 vart det for fyrste gong lagt til ei grunnstøtte til nasjonalpark- og verneområdestyrer. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tildelt kr 150 000,- i grunnstøtte. Denne grunnstøtta kan nyttast til vedlikehald, fornying av infrastrukturtiltak, informasjonsarbeid mv. Nokre av prosjekta som det vart søkt tiltaksmidlar til for 2024 er vedlikehald og fornying av infrastrukturtiltak, og kan løysast ved bruk denne grunnstøtta. Samla tilskot driftstilskot inkludert grunnstøtte (post 1420.21) er kr 510 000,- det var søkt om kr 420 000 til drift av styre og planarbeid for 2024. Det betyr at om lag kr 90 000,- av grunnstøtta kan nyttast til andre tiltak.

For å motivere grunneigarar og beitebrukarar i område med ferdig skjøtselsplan til å setje i verk skjøtseltiltak er det ynskjeleg å få til erfaringsutveksling. Gardbrukarar med stolar i Mørkridsdalen har mykje å vise til når det gjeld vellukka skjøtseltiltak. Sekretariatet ynskjer difor å få til ein studietur til Mørkridsdalen for interesserte beitebrukarar. Skal dette gjennomførast bør det setjast av litt ressursar for å gjere opplegget god og terskelen for deltaking låg.

I løpet av vinteren 2023/24 kom det til eit viktig prosjekt som bør prioriterast i 2024. Restar av ei gamal bruved Lonene i Befringsdalen bør hentast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak. Dette er eit prosjekt som kan løysast ved å bruke deler av grunnstøtta som nasjonalparkstyret er tildelt for 2024.

Vurdering

For å kome i mål innanfor ramma på 1,1 millionar har sekretariatet vurdert tiltaka som er omsøkt (tabell 1) og føreslått nokre justeringar og kutt. Tildelt pott er kr 425 000,- mindre enn samla søknadssum, nokre tiltak må difor reduserast. Alternativt kan ein velje å utsetje einskilde prosjekt til seinare år. Nokre prosjekt kan reduserast i omfang utan at det nødvendigvis får store konsekvensar for gjennomføring anna enn ei nedskalering eller utsetjing av deler av gjennomføringa. Skjøtseltiltak i kulturlandskapet i tråd med utarbeidde skjøtselsplanar er prioritert høgt i søknaden om tiltaksmidlar, desse tiltak er i stor grad skjerma for kuttforslag.

Prioritet 20 *Vedlikehald av viktige stiar og bruer*. Dette tiltaket er det naturleg å nytte deler av grunnstøtta til sidan det handlar om vedlikehald.

Prioritet 19 *Uthenting av bru og søppel ved Tverrdalskyrkja*. Til fjerning av bos og gamle restar av bruer og liknande i nasjonalparken er det naturleg å nytte deler av grunnstøtta til sidan det handlar om vedlikehald og opprydding. Summen som bør setjast av bør aukast til



kr 40 000,- då det i løpet av vinteren er kome til eit liknande prosjekt i ved Lonene i Befringsdalen.

Prioritet 17 *Innfallsport Supphellebreen*. Tiltaka ved innfallsporten Bøyabreen vert prioritert framfor tiltaka ved innfallsporten ved Supphellebreen, i tråd med signal frå lokalsamfunnet i Fjærland. Det er lite truleg at bru over elva kan realiserast i 2024. Dermed kan posten reduserast monaleg. Vi tilrår at summen vert redusert frå 150 000,- til 15 000,-. Det bør likevel arbeidast for å få godkjent rammeløyve i løpet av 2024, slik at bygging av ny bru og innfallsport kan realiserast i 2025, i nært samarbeid med grunneigarar og lokale lag og organisasjonar.

Prioritet 15 *Oppsetjing av informasjonstavler ved innfallsportar*. Nokre større skiltprosjekt bør prioriterast i 2024, men desse har eigne tiltakspostar som ikkje er føreslått redusert. Sekretariatet tilrår at det blir kutta monaleg i dette tiltaket, frå kr 200 000,- til kr 30 000,-. Det bør likevel arbeidast med å produsere innhald til tavlene i 2024. Dersom det vert ledige restmidlar kan desse nyttast til å setje opp fleire tavler på slutten av året.

Prioritet 11 *Restaurering av sti til Lundeskaret*. Dette tiltaket er det naturleg å nytte deler av grunnstøtta til sidan det handlar om vedlikehald av ein sti som Nasjonalparkstyret tidlegare har gjennomført større restaureringsarbeid på.

Prioritet 9 *Rydding av kulturlandskap i Austerdalen og Langedalen*. Det er ynskjeleg å kome i gang med nokre skjøtselstiltak i tråd med skjøtselplanen for området. Sekretariatet tilrår likevel at summen til tiltak vert redusert då vi er usikre på kva tiltak som er råd å gjennomføre i 2024. Dersom engasjementet for å utføre skjøtsel er stort og det viser seg at det er råd å gjennomføre fleire skjøtselstiltak i 2024 bør det vurderast å flytte midlar til dette tiltaket.

Prioritet 8 *Rydding av kulturlandskap i Bødalen*. Det er ynskjeleg å kome i gang med nokre skjøtselstiltak i tråd med skjøtselplanen for området. Sekretariatet tilrår likevel at summen til tiltak vert redusert frå kr 40 000 til kr 20 000,-, då vi er usikre på kva tiltak som er råd å gjennomføre i 2024. Dersom engasjementet for å utføre skjøtsel er stort og det viser seg at det er råd å gjennomføre fleire skjøtselstiltak i 2024 bør det vurderast å flytte midlar til dette tiltaket.

Dersom rammeløyve for utsiktspunktet ved Bøyabreen fell på plass vil sekretariatet tilrår at det vert søkt ekstra tiltaksmidlar til ferdigstilling av utsiktspunktet ved Bøyabreen. Dette prosjektet ser ut til å bli ein god del dyrare enn budsjettert. Kor mykje dyrare veit ein ikkje før det er henta inn tilbud. Det bør og vurderast å søkje om noko meir midlar til planlegging av innfallsporten ved Supphellebreen, slik at eit rammeløyve for ny bru og innfallsport kan falle på plass i løpet av 2024.

Sekretariatet tilrår følgjande prioritering av tiltaksmidlane for 2024, justeringar frå søknaden er merka med raudt i tabellen

:



Forslag – prioritering av tiltaksmidlar 2024

Pri	Namn på tiltak	Søknad	Justert forslag
1	Slått i Sunndalen	50000	50000
2	Rydding av kulturlandskap i Sunndalen	20000	20000
3	Stiltak i Sunndalen	20000	20000
4	Slått i Erdalen	50000	50000
5	Rydding av kulturlandskap i Erdalen	30000	30000
6	Vedlikehald av risgjerdet ved Reset i Erdalen	20000	20000
7	Stiltak i Erdalen	15000	15000
8	Rydding av kulturlandskap i Bødalen	40000	20000
9	Rydding av kulturlandskap i Austerdalen/Langedalen	40000	20000
10	Stiltak til Haugabreen	20000	20000
11	Restaurering av sti ved Lundeskaret	30000	0
12	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	450000	450000
13	Skiltoppsetting i Jostedalen	100000	100000
14	Innfallsport Stardalen	150000	150000
15	Oppsetjing av informasjonstavler ved innfallsportar	200000	30000
16	Utforming av innhald til informasjonstavler	50000	50000
17	Innfallsport Supphellebreen	150000	15000
18	Helikoptertransport av klopper	40000	40000
19	Uthenting av bru og søppel ved Tverrdalskyrkja	20000	0
20	Vedlikehald av viktige stiar og bruer	30000	0
21	Ferdselsteljing ved utvalde stiar	1	1
	Sum	1525001	1100001

Tiltaka med prioritet 11, 19 og 20 vert tilrådd løyst ved å nytte til saman kr 100 000,- av tildelt grunnstønad.



ST 11/24 Delegerete saker



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Rådhusvegen 1
6868 Gaupneststed

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3139
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

Anna Andrea Bergseth
Krundalen 541
6871 JOSTEDAL

Sakshandsamar Trygve Snøtun

Vår ref. 2023/17348-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 05.03.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak	
-----------------------	--

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter - Nyestølen - Anna Bergseth

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark kap IV, pkt 4.3 andre strekpunkt, gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre Anna Bergseth løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Jostedalsbreen nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 15.06.24 – 15.09.24.
- Løyvet gjeld for inntil fire turar med helikopter for frakt av materialar til vedlikehald/restaurering av stølshus på Nyestølen i Krundalen, samt eventuelt utfrakting av søppel/rivingsmateriell frå restaureringsarbeidet.
- Det skal takast omsyn til folk og dyr ved gjennomføring av transport.
- Det skal ikkje flygast på søndagar eller andre heilagdagrar.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Anne Rudsengen varslast, anten på epost anne.rudsengen@miljodir.no eller på telefon 959 63 888.
- Helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst moglege uro.
- Søkjar skal gi skriftleg rapport til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter at transporten er gjennomført, seinast innan 1.oktober 2024. Merk rapporten med referanse 2023/17348, og send på epost til trygve.snotun@statsforvalteren.no .
- Kopi av dette løyvet skal takast med under motorferdsla i tilfelle kontroll.

Vi vil minne om at nødvendige løyve etter lov om motorferdsel må innhentast frå kommunen.



Dokument i saka

- Søknad om motorferdsel i verneområde, datert 27.02.2024.
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25.10.1991.
- Delegeringsreglement for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, vedteke 14.03.2016.
- Styresak 38/23 – Restaurering av sel på Nyestølen – Anna Bergseth, datert 29.11.2023.

Søknaden

Anna Bergseth fekk i styresak 38/23 løyve til å restaurere selet sitt på Nyestølen i Krundalen. I utgangspunktet var planen å transportere materiale inn og rivingsmateriale ut med snøskuter på seinvinteren. Vanskelege snøforhold gjer det vanskeleg å krysse elva denne vinteren, og det er difor sendt inn søknad om å nytte helikopter til transport i staden for. Søkjar ønskjer å komme i gang/gjennomføre restaureringa i løpet av sommar og haust 2024. Vidare ønskjer søkjar å få til flyging når det er andre flygeoppdrag i nærleiken.


«Hei, viser til utvalssak 38/23 i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om løyve til å restaurere stølshus i Bergsetdalen.

Eg hadde tenkt å få transportert materialar innover til Nyestølen med snøskuter på ettervinteren i år. Men med snøforholda i vinter med relativt lite snø og mildver der elva - Krundøla - har opna seg opp vil me ikkje klare å komme over til stølen med snøskuter denne vinteren.

Eg søker difor om løyve til å transportere marerialane til støls med helikopter til sommaren. Det blir ein gong i tidsrommet ca. 20. juni til månadsskiftet aug/sept., seinast 15. sept. Blir sannsynlegvis i slutten av juni eller slutten av aug/tidleg sept. Eg vil prøve å få flyging kombinert med andre flygeoppdrag i området.

Tenkjer 3-4 flyturar. Ber om løyve til inntil 4 turar. Kan flygast på sørsida av Krundøla, der er det ingen turgåarar.

Sender søknad også til Luster kommune.»



Figur 1: Kart med avmerka startpunkt og avlastingspunkt ved Nyestølen.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25.10.1991.
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldlova).
- Delegeringsreglement for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 14.03.2016.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, juni 1994.

Verneforskrift og verneformål

Føremålet med nasjonalparken er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.



Motorferdsle, m.a. landing og lågtflyging med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer*, jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt.

I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden:

«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er det i kapittel 7.3.9 Motorferdsel sagt noko om korleis forvaltningsstyresmakta vil handsame søknader om dispensasjon til motorferdsel. I punkt f) mellom anna sagt at: *«Frakt av material til vedlikehald av stølar vil i utgangspunktet få positiv handsaming».*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.



Vurdering

Nasjonalparkforvaltar er kjent med at det er krevjande forhold for snøskuter fram til Nyestølen i vinter. Det er heller ikkje sikkert om forholda vil vere betre dei neste åra. Difor kan det vere aktuelt å nytte helikopter for å transportere material til restaureringsarbeidet.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre meiner det er positivt at søkjar ønskjer å ta vare på selet på Nyestølen. Historia kring stølane og dei vanskelege naturtilhøva ved breane, særskilt under «den vesle istida», gjer seg gjeldande her. Dette er det siste selet som står i dag, og såleis eit viktig kulturminne som er positivt at blir tatt vare på.

Søkjar har allereie fått løyve til motorisert ferdsel til tiltaket. Vurderinga i denne omgang går på om det er høve til å nytte helikopter i staden for snøskuter på grunn krevjande snøforhold. Tidspunktet for motorisert ferdsel blir med dette endra til sommaren. Området er eit populært tur-/opplevingsområde for besøkande i Jostedalen, særskilt sommarstid. Sjølv Nyestølen ligg på andre sida av hovudelva der få besøkande kjem. Ved å finne eit eigna startpunkt litt vekk frå parkeringsplassen ved Bergset, meiner forvaltar at uroinga frå helikopter vil vere avgrensa i tid og omfang, og vere akseptabelt i forhold til besøkande og friluftsliv. Transporten vil gjere at ein kan ta vare på eit viktig kulturminne utan at det er nemneverdige negative verknader på verneføremål og naturverdiar i området.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilag dagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jamfør § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert den samla belastninga i området og vurderer den som lita.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Snøtun
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
Luster kommune
Statens Naturoppsyn

Njøsavegen 2
Postboks 77
Postboks 5672 Sluppen

6863 LEIKANGER
6866 GAUPNE
7485 TRONDHEIM

ST 12/24 Orienterings- drøftings- og referatsaker